

› Bygg- og eigedomsavdelinga

5100 Eigedomsavdelinga

Regnskap 2020 : Meirforbruk Kr 2 524 442.000 inkl. koronakostander

Mindreforbruk eks. koronakostnader: Kr 700.000

Forvaltningsmessig er situasjonen særskilt kritisk. Grunna underfinansiering av forvaltning- drift og vedlikehald, har ein over lengre tid opparbeidd seg eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Etterslepet vurderast å vere på kr. 100 000 000.

For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at konsekvensane av tidlegare manglande/mangelfullt vedlikehald verkar sjølvforsterkande. Dette gjeld til dømes fleire av omsorgsbygga som til dømes 3 tomannsbustader frå 1982 på Gudmundvegen/Godøya. Tilstanden på desse bygga er difor allereie svært dårleg. Ein må difor pårekne at vedlikehaldsetterslepet komande år vil eskalere og tilsvarande forkorte det enkelte bygg sin levetid.

I eit bærekraftsperspektiv fordrar rasjonell byggforvaltning meir enn rein funksjons-/verdibevarande vedlikehald. Gitt at ein skal kunne maksimere byggets brukstid/nytteverdi må ein ha midlar til oppgradering for for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Pr. i dag har ein ikkje resursar til dette - og har heller ikkje hatt dette over lang tid. Samla sett "forbruker" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventet levetid, med tilsvarande hyppigare- og totalt sett fordyrande syklus av sanering/nybygg.

VEDLIKEHALDSETTERSLEP		
Bygning/bygningstype	Antall kvadratmeter	Beregna utbedringskostnad
Rådhus/admin. bygg	5750	96.792.000
Skular	27493	103.305.000
Barnehagar	1816	1 750 000
Kombinasjon sjukeheim/Omsorgsbygg	6323	5.600.000
Sjukeheim	398	91 000
Omsorgsbygg	3987	10.782.000
Idrettsbygg	6968	1.410.000
Kulturbygg	1403	110.000
Næringsbygg	998	5.195.000
Utleigebustader	2129	3.570.000
SUM: TOTALT	57265	100.362.000

KORONA

Det vart innført eit øyremerkt tilskot til kommunen til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Føremålet med tilskotet var å bidra til auka aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, og dessutan å hente inn noko av vedlikehaldsetterslepet i kommunene. Giske sin andel av tilskotet var 3,9 mill.kr. Midlane skulle brukast til prosjekt og tiltak som kom i tillegg til allereie vedtekne prosjekt i kommunen sitt opphavlege vedtekne budsjett for 2020.

Investerings tiltak som vart set i verk kjem fram i del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt, Tiltak med "(tilskot korona)" i prosjektnamnet er finansiert med dette tilskotet. Midlar på prosjekt som var igangset i 2020, men ikkje ferdigstilt ved utgangen av året er set av på bunde fond slik at kommunen kan ferdigstille prosjekta i 2021.

Av midlane vart kr 250 000 brukt til tiltak som vart gjennomført i drift:

- Godøy bukollektiv – bellegg i U eta. og vøling av vaskerom U.eta. m.m
- Vøling av Nordstrandfjora 76.

Tiltak på bygg utført med koronamidlar:

- Vigra omsorgssenter – ventilasjon, lys, varme m.m. Budsjettramme kr 2 000 000. art: 3230, ansvar: 5100, teneste: 2650,
- Vigra skule – Sanitærbygg m.m. Budsjettramme kr 550 000. art:3230, ansvar: 5100, teneste: 2220,
- Vigra skule – Varmepumpe m.m. Budsjettramme kr 350 000. art:3230, ansvar: 5100, teneste: 2220,
- Godøy bukollektiv – bygg for naudstraumsaggregat og renovasjon m.m. Budsjettramme kr 100 000. art:3230, ansvar: 5100, teneste: 2650,
- Godøy bukollektiv – bellegg i U eta. og vøling av vaskerom U.eta. m.m. Budsjettramme kr 100 000. art:1250, ansvar: 5100, teneste: 2650,
- Vøling 3mannsbustad til omsorgs beredskap Godøy. Budsjettrammne kr 150 000. art:3230, ansvar: 5100, teneste: 2650,
- Vøling av Nordstrandfjora 76. Budsjettramme kr 150 000. art:1250, ansvar: 5100, teneste: 2652,
- Godøy brannstasjon – oppgradering tak, fasade, elektroteknisk installasjon m.m. Budsjettramme kr 500 000. art:3230, ansvar: 5100, teneste: 3390.

Reinhold i koronaåret:

Reinhold i koronaåret har vore krevjande, men totalt sett løyst på ein god måte - både gjennom anskaffelse av smitterobot og tilkallingshjelp. Etter tilbakemelding frå reinholdslerar er det imidlertid eit generelt behov for større fokus- og opplæring/kursing av reinholdspersonellet i smittevern. Dette både som kompetanseaukande tiltak for tenesta og som tiltak for å trygge den enkelte tilsette gjennom bedre å kunne vurdere eigen smitterisiko. Særleg i starten av pandemien var det mange spørsmål og tildels uro blandt enkelte av dei tilsette.